Norsk medisinstudentforening
DEN NORSKE LEGEFORENING

# Arbeidsprogram 2021

## Hovudprioriteringar

- Arbeide for fleire LIS1-stillingar i Noreg, medrekna arbeide for at KBU godkjennast mot deler av LIS1.
- Arbeide for fleire studieplassar i Noreg og regulering av talet på medisinstudentar etter legebehovet.
- Arbeide for betre psykisk helse blant medisinstudentar.
- Arbeide for ei berekraftig utvekslingsøkonomi og varige avtaler med sjukehusa.
- Arbeide målretta for politisk gjennomslag i folkehelse- og menneskerettssakar.

## Frå student til lege

- Arbeide for rettferdige tilsetjingsprosessar til LIS1 og stillinger for medisinstudentar med lisens.
- Arbeide for at postlegestillinger skal gjerast om til LIS1, samtidig som leger utan LIS1 får moglegheit til relevant arbeidserfaring under gode arbeidsforhold.
- Arbeide for rettferdig lønning av medisinstudentar, medrekna kompetansestige for medisinstudentar utan lisens.
- Styrke samarbeidet med dei lokale studentdemokratia.
- Arbeide for god studentmedverknad i organisering og kvalitetssikring av medisinutdanninga, og diskutere prioriteringar av innhald i studiet.
- Informere medisinstudentar om spesialistutdanninga og rettane deira i arbeidslivet.
- Arbeide for føreseieleg undervisning og praksis av høg fagleg kvalitet under covid-19-pandemien.
- Arbeide for betre organisering av hospitering for utanlandsstudentar.

## Folkehelse og global helse

- Arbeide politisk innanfor seksuell og reproduktiv helse.
- Arrangere FINO 2021 i Noreg.
- Arbeide for å rette søkjeljos på migrantar sine rettar i Noreg.
- Nytte Legeforeininga sin klimaresolusjon og menneskerettsutval som grunnlag, og forum, for intern og ekstern påverknad.
- Arbeide for god klimaundervising i medisinutdanninga.
- Arbeide for kvalitetssikring av utvekslingsavtalene til Nmf saman med dei andre FINO-landa.

## Medisinstudentar og tillitsvalde

- Arbeide nasjonalt og lokalt for høg rekruttering og god medlemspleie.
- Arbeide for eit mangfaldig digitalt medlemstilbod til medlemmer i alle lokallag.
- Styrke samarbeidet med og Nmf sin posisjon i Legeforeininga.
- Arbeide for god medlemsmedverknad gjennom debattmøte i alle lokallag.
- Gjennomføre ei nasjonal medlemsundersøking.
- Støtte arbeidet til Nmf Utland med faghelga i Krakow.